

Kapittel 1: Innleiing frå styret

Kva skal vi leve av i framtida? I nyttårshelsinga til det norske folket svarte statsminister Stoltenberg slik: av samla arbeid og kompetanse, gjerne innafor virkefelt som vi ikkje kjenner i dag. Utdannings- og forskingssektoren sitt samfunnsoppdrag er å få den menneskelege kapitalen til å vekse. NTNU har òg ansvar for å bringe fram teknologi og kunnskap samfunnet treng for å skape jobbar, bøte klimatuslar og trygge velferd. Vi har vore med på å utvikle petroleumsverksemda i Noreg; vi skal òg spele ei sentral rolle i berekraftig verdiskaping for framtida. For å dyrke fram næringsvegar vi ikkje veit om i dag, er det i fyrste rekjkje den tolmodige, frie grunnforskinga vi må lite på.

Statsministeren heldt fram at Noreg skal gjere ein skilnad i verda når det gjeld karbonfangst. Det er ein lovnad som skaper von, men òg stiller store forventningar til norske FoU-miljø. I 2009 har nettopp karbonfangst hatt særskilt merksemd med utviklinga av ECCSEL-prosjektet – den felles-europeiske laboratorieinfrastrukturen for karbonfangst og -lagring. NTNU er opptatt av å styrke kunnskapsgrunnlaget for berekraftig produksjon og forbruk av energi innafor eit brede spekter. I 2009 har vi lagt ned mykje innsats i å starte opp forskingssentra for miljøvenleg energi (FME) vi leiar og deltar i. Vi har òg fått i stand eit nasjonalt samarbeid for å styrke samfunnsvitskapleg energiforsking, som er eit forsømt felt. Vi voner at dette "Centre for sustainable energy studies" (CenSES) med tida vil få same status og rolle som andre FME. Det var eit vonbrot at det fleirnasjonale initiativet innan berekraftig energi (SEEIT) ikkje nådde heilt opp i konkurransen om å bli eitt av tre kunnskapssenter i European Institute of Innovation and Technology (EIT), men NTNU vil byggje vidare på samarbeidet med dei europeiske partnarane.

Forsking på desse og andre viktige samfunnsområde krev store menneskelege og økonomiske ressursar. NTNU har utfordringar når det gjeld begge. Kapasiteten til våre vitskapleg tilsette er på brestepunktet med alle dei nye, store oppgåvene vi har tatt på oss, og det er krevjande å rekruttere fagfolk på mange felt. Moderne forsking og utdanning føreset mykje og god infrastruktur, og vitskapleg utstyr må fornyast oftare. Etterslepet er stort. Styret har i 2009 sett fokus både på kapasitetsutfordringa og forskingsinfrastruktur, og vil følgje opp dette i 2010. Vi vil òg ha stor merksemd på utgreiingsarbeidet som er i gang om "handlingsrommet"; krava til økonomisk eigendel i ymse satsingar gjer det vanskelegare å finansiere den frie grunnforskinga og strategisk fagutvikling.

Trass i krisa på finansmarknaden i 2009 har NTNU klart å halde oppe det høge nivået på eksternfinansiering. Statlege krisetiltak har vore viktige. Vi er usikre på om næringslivet evner å investere nok i forsking og utvikling i 2010 og frametter, men held fast på høge ambisjonar om vekst i eksternfinansiering. I stigande grad vil og må forskingsmidla kome frå internasjonale kjelder, ikkje minst innafor det europeiske forskingsområdet (ERA).

Styret har i 2009 vedtatt ein plan for å byggje ned avsetninga i løpet av fire år. Alle fakultet har no langtidsbudsjett med konkrete mål og tiltak for å få dette til.

NTNU opplevde òg i 2009 god søknad til dei fleste studia. Dei 300 ekstra studieplassane blei raskt fylte, og vi er godt nøgde med inntakskvaliteten. Spesielt ser vi ein sterk auke i sökinga til den 5-årige lektorutdanninga, og dei som blir tatt opp på desse programma har høge snittkarakterar. Knytt til lærarutdanninga har det òg blitt sett i gang fleire større forskings- og utviklingsprosjekt, mellom anna for å utvikle innovative metodar i realfagsutdanninga (S-

TEAM). Prosjektet høyrer til EUs 7. rammeprogram og omfattar 26 deltarar institusjonar i 15 land og der NTNU har leiarrolla. Innafor nokre fag, særleg teknologi og naturvitenskap, må det arbeidast med å rekruttere gode norske kandidatar til doktorgrads- og post doktorstipend.

Behovet for studentbustadar er stort. Ei tilstrekkeleg mengd bustadar er ein føresetnad for at NTNU skal ta imot fleire studentar, spesielt internasjonale.

God utdanningskvalitet krev godt lagarbeid. I 2009 har NTNU spesiell merksemd mot leiing av undervisningsaktiviteten. I dette arbeidet ønskjer ein å gjere tydeleg kva for roller og ansvar dei enkelte aktørane i studieprogramma skal ha. Dette har òg blitt forsterka i prosessen knytt til innføring av kvalifikasjonsrammeverket. I 2010 vil arbeidet med innføring av kvalifikasjonsrammeverket få særskilt merksemd. Styret vil òg følgje opp det omfattande prosjektet om forskarrekrytting og ph.d.-utdanning som blei gjennomført i 2009.

Rosenborgsaka har lenge vore krevjande for alle partar. I 2009 er det NTNU avslutta to erstatningssaker og ei tredje er under førebuing. I samråd med Helsedirektoratet er det laga ein informasjonsplan med konkrete tiltak i høve til pårørande og etterlatne, som departementet har godkjent. NTNU nyttar Ullevål universitetssjukehus som arbeidsmedisinsk ekspertise. Styret er nøgd med prosessen slik han no blir handsama ved NTNU.

Som del av arbeidet for å fremme helse-, miljø- og tryggleik blei det i 2009 gjennomført ei ny arbeidsmiljøundersøking, som gjennomgåande syner meir positive svar enn i 2007. Jamt over ser NTNU sine tilsette ut til å trivast godt på arbeidsplassen. Det er styret glad for, men det tyder sjølv sagt ikkje at vi kan slakke på krava til HMS og godt leiarskap. Vi forventar at det blir tatt tak i problem som er rapporterte og at det blir jobba systematisk på alle plan med å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle.

NTNU har i 2009 jobba vidare med tiltak for å få betre jamstelling i vitskaplege stillingar. Utviklinga er positiv, men det er enno langt igjen før målet er nådd om kjønnsjamvekt i førstestillingar og særskilt i professorat.

Førre sommar blei det valt og tilsett mange nye leiatarar på NTNU sine institutt og fakultet, og tre nye prorektorar er på plass. Også i styret har det vore store utskiftingar. Det er altså på mange vis eit nytt leiarskap som tok til hausten 2009, og NTNU har sett i gang eit leiarutviklingsprogram for dei. Vi byggjer vidare på arbeidet til leiatarane og tillitsvalte som har takka av og ser fram til samarbeidet med dei nye.

Trondheim, xx.xx.2010

Marit Arnstad
Styreleiar NTNU